

Samtykke til at skulen kan ta bilete/film av elevane, og nytte dei til eige bruk

Skulen ønsker å ha funksjonelle, informative og oppdaterte nettsider, både våre sider på internett, interne nettsider og i sosiale medium. Dette samtykket gjeld at skulen kan nytte bilete / film av deg i denne samanhengen, og er *ikkje* eit samtykke til at dine medelevar kan nytta bilete / film av deg.

Film og bilete kan verta brukt som ein del av et undervisningsopplegg på skulen sine læringsplattformer, elevprosjekt som vert delte på skolen si nettside, eller i sosiale medium, og / eller som illustrasjon av ulike læringssituasjonar på skulen si nettside.

Skulen kan óg verte kontakta av aviser / TV om nyheitsreportasjar og hendingar frå skulekvardagen. Media ønskjer ofte bilete eller film av elevar, samt publisering med fullt namn. Leiinga ved skulen vil vurdere slik publisering i kvart einskild tilfelle, og ha som hovudregel ved publisering at det ikkje knytast fullt namn til bilete.

Eg/vi gir samtykke til:

	Ja	Nei
Eg samtykker til at bilete/film vert publisert på skulen sine opne/lukka nettsider		
Eg samtykker til at bilete/film vert delte i sosiale medium (skulen må spesifisere kva for nettsider det gjeld, og om det er opne eller lukka grupper)		

Eleven sitt namn: _____

Klasse: _____

Dato: _____

Underskrift elev (fylt 15 år)

Underskrift føresett / verge *

- = Berre aktuelt dersom elev fylt 15 år ikkje sjølv kan samtykke

Kven kan samtykke?

Mindreårige som er fylt 15 år kan sjølv samtykka til bruk av bilete / film av seg sjølv. Eit krav til den som gjer samtykke er at vedkommande forstår kva denne samtykker til. Samtykke skal vera frivillig, spesifikt, informert og utvitydig for å være gyldig. Du kan trekke samtykket attende, og bilete / film av deg hjå oss skal då slettast viss det er mogleg. Vert samtykket trekt attende, har skulen ikkje lenger rett til framover i tid å bruke bilete / film av deg.